

# **Styresak**

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 16.11.2012  
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen m. fleire**  
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per oktober 2012**

**Arkivsak**

2011/11/

**Styresak 121/12 B**

**Styremøte 05.12. 2012**

---

## **Forslag til vedtak**

Styret tek rapporteringa frå verksemda per 31. oktober 2012 til etterretning.

## **Oppsummering**

Ventetidsutviklinga per oktober 2012 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 78 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgongen av månaden var 82 dagar. Både ventetida for ventande og behandla har helde seg stabile den siste månaden.

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren er høgare enn til same tid i 2011, medan aktivitetsnivået innan psykisk helsevern for barn og unge og psykisk helsevern for vaksne i hovudsak er lågare enn til same tid i 2011 for døgnbehandling og høgare innan dag og poliklinisk behandling.

Prosentdelen fristbrot for behandla er framleis høg, men har gått ned samanlikna med førre månad. Helse Stavanger har hatt framgang, men har framleis størst utfordringar knytt til korridorpasientar innan somatikken. Innan psykisk helsevern var det knapt registrerte korridorpasientar i oktober. Talet langtidsventande har halde seg høvesvis stabil sidan før sommaren. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 75 % innan somatikken og 77 % innan psykisk helsevern.

Det økonomiske resultatet i oktober er kr 44,2 mill, som er kr 16,6 mill betre enn budsjettet. Akkumulert resultat er kr 616,2 mill som er kr 243,9 mill betre enn budsjettet.

Helse Stavanger har på bakgrunn av resultatutviklinga generelt endra si prognose frå kr 40 mill til eit resultat på kr 25 mill, som er kr 25 mill lågare enn budsjettet. Sjukehusapoteka Vest justerer si prognose til å gi eit resultat som er kr 2,8 mill svakare enn budsjettet medan Helse Vest RHF forbetrar si resultat-prognose til 440 mill. Dei andre føretaka opprettheld sine prognosar.

Helse Stavanger har hatt ein effekt av omstillingstiltaka på om lag kr 16,5 mill, som er om lag 65 % av planen. Helse Fonna har hatt ein effekt på kr 4 mill noko som er om lag kr 1 mill meir enn i førre rapportering og Helse Førde har hatt ein effekt på kr 19 mill som er om lag 92 % av planlagd effekt etter ti månader.

Samla investeringar per oktober er på kr 991,2 mill. Dette utgjer omlag 67 % av forventa investeringsnivå i 2012.

Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskreditramme vurdert å vere tilfredsstillande.

Det er ein nedgang i sjukefråværet i oktober 2012 i forhold til september same år. Det samla sjukefråværet og sjukemeldt fråvær i oktober 2012 er lågare enn tilsvarende tal i oktober 2011.

62,95 % av alle einingane har eit samla sjukefråvær på 5,5 % eller lågare per oktober 2012.

Det har vore ein auke med 240 netto månadsverk frå oktober til november 2012 og ein auke med 118 brutto månadsverk i same perioden.

Målkravet om ein korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent på 87,7 % blei nådd hausten 2011. Den korrigerte gjennomsnittlege stillingsprosenten for oktober 2012 er på 88,66 %.

## **Fakta**

Denne rapporten er utarbeidd med basis i informasjon per 31. oktober 2012.

## **Kommentarar**

### **1. Aktivitetsutvikling**

Dei data som blir nytta til å syne aktivitetsutviklinga er tal helsefretaka sjølv har rapportert inn. Biletet under syner endring i aktivitetsnivået per oktober 2012, samanlikna med tal per oktober 2011.



### Somatikk

Dei absolute tala syner at det totalt blei generert nær 210 000 DRG-poeng ved helseføretaka dei ti første månadene av 2012. Alle dei fire helseføretaka har hatt ein høgare DRG-produksjon enn til same tid 2011. Det samla talet sjukehusopphald var nær 206 000. Det samla talet polikliniske konsultasjonar var tilnærma 738000. Alle dei fire helseføretaka har eit høgare poliklinisk aktivitetsnivå så langt i 2012, enn til same tid i 2011.

### Psykisk helsevern


Per oktober 2012 var aktivitetsnivået innan barne og ungdomspsykiatrien målt i liggjedøgn, målt i dagopphald og polikliniske konsultasjonar lågare enn i 2011. Talet liggjedøgn per oktober var om lag 11 700, og skilnaden til 2011 er på om lag 300 færre liggjedøgn. Talet på dagopphald og polikliniske konsultasjonar var nær 97 000. Helse Stavanger HF har hatt lågare døgnaktivitet enn i 2011, medan dei tre andre helseføretaka hadde ein høgare aktivitet. Helse Bergen HF og Helse Førde HF har til no hatt færre dagopphald og polikliniske konsultasjonar enn førre år.

Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern for voksne ligg under nivået per oktober 2011 målt i talet på liggedøgn, medan talet på dagopphald og polikliniske konsultasjonar ligg ein god del høgare enn i 2011. I absolute tal har det blitt generert om lag 205 000 liggjedøgn og gjennomført 206 000 polikliniske konsultasjonar og dagopphald. Berre Helse Stavanger HF har generert fleire liggjedøgn enn i 2011, medan det berre er Helse Førde HF som har ein lågare dagbehandlingsaktivitet enn per oktober 2011.

## 2. Ventetidsutvikling


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle som starta behandling i oktober 2012 var på 78 dagar (62 dagar for prioriterte og 105 dagar for dei utan prioritet). Figuren nedanfor viser ventetidsutviklinga per helseføretak for alle pasientar som har starta behandling.

**Samla ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde**



Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle pasientar som framleis venta på behandling i Helse Vest ved utgangen av oktober 2012 var 82 dagar, fordelt på 57 dagar for prioriterte og 110 dagar for ventande utan prioritet. Figuren under viser samla ventetid for alle ventande fordelt per helseføretak.


#### Samla ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



#### Somatikk


Den samla gjennomsnittlege ventetida for ventande innan somatikken var 83 dagar ved utgongen av oktober. For pasientar med prioritet var ventetida 57 dagar, og for pasientar utan prioritet 110 dagar. I figuren nedanfor er samla gjennomsnittleg ventetida for ventande vist per føretak.

#### Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Ser ein på dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientane som starta somatisk behandling i oktober 2012, så var dei 63 dagar for prioriterte og 105 dagar for ventande utan prioritet, noko som gir 79 dagar i gjennomsnitt for alle som starta behandling. Samla ventetid for behandla fordelt per helseføretak er vist i figuren under.


#### Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



#### Psykisk helsevern for barn og unge


Den gjennomsnittlige ventetida for ventande med prioritet innan BUP var 41 dagar, og for ventande utan prioritet var ventetida 101 dagar ved utgongen av oktober 2012. Samla ventetid for alle som venta på behandling var 46 dagar.

#### Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Samla ventetid for pasientar som starta behandling i oktober 2012 var 68 dagar i gjennomsnitt. Ventetida for prioriterte pasientar var 56 dagar, medan ventetida for dei utan prioritet var 135 dagar.


#### **Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – BUP**



#### **Psykisk helsevern for vaksne**


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle ventande innan psykisk helsevern for vaksne var 59 dagar ved utgongen av oktober 2012. Ventetida for ventande med prioritet var 41 dagar og 93 dagar for dei utan prioritet.

#### **Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne**



For pasientar som starta behandlinga i oktober 2012 var den samla gjennomsnittlege ventetida 52 dagar. Prioriterte pasientar hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 43 dagar, medan ventetida for pasientar utan prioritet var 83 dagar.

#### Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



### 3. Fristbrot og langtidsventande


Helseføretaka har arbeidd med å få ned talet på fristbrot sidan sommaren 2010, med målsetting om at fristbrot ikkje skal førekome. I tabellen nedanfor finn ein fire ulike mål på fristbrot.

#### Samla utvikling i tal og prosentdel fristbrot for Helse Vest

Tid	Fristbrot							
	For ventande ved periodeslutt		Der helsehjelpe har starta i perioden		Totalt (NPR-utrekning)		Nye fristbrot (Med frist i per.)	
	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst
2011-okt	1085	4 %	998	10 %	2083	6 %	1209	12 %
2011-nov	878	3 %	916	8 %	1794	5 %	972	10 %
2011-des	915	4 %	657	7 %	1572	5 %	914	8 %
2012-jan	779	3 %	906	8 %	1685	4 %	1010	10 %
2012-feb	723	3 %	773	7 %	1496	4 %	929	9 %
2012-mar	642	2 %	754	7 %	1396	4 %	891	8 %
2012-apr	841	4 %	678	8 %	1519	5 %	1151	10 %
2012-mai	867	3 %	761	7 %	1628	5 %	1034	9 %
2012-jun	644	3 %	754	7 %	1398	4 %	790	7 %
2012-jul	914	4 %	357	6 %	1271	4 %	833	9 %
2012-aug	798	3 %	862	9 %	1660	5 %	1067	11 %
2012-sep	785	3 %	903	9 %	1688	5 %	1136	11 %
2012-okt	743	3 %	821	7 %	1564	4 %	1006	10 %


I den månadlege rapporteringa til Helse- og omsorgsdepartementet (ØBAK) er det delen fristbrot for pasientar som har starta behandling som skal rapporterast. Tabellen under viser utviklinga i delen fristbrot for behandla pasientar fordelt per helseføretak, samt to av dei private ideelle sjukehusa.

#### Utvikling i tal behandla pasientar med fristbrot per helseføretak



I Helse Vest er det og sett i verk tiltak for å redusere talet på langtidsventande. Figuren under viser utviklinga i talet på langtidsventande fordelt per helseføretak og private ideelle sjukehus.


#### Utvikling i tal langtidsventande (1 år+) per helseføretak



#### 4. Korridorpasientar og epikrisetid


Figurane under viser utviklinga i bruk av korridorplassar per månad innan psykisk helsevern og somatikk fordelt per helseføretak.

##### Gjennomsnittleg tal korridorpasientar per dag innan somatikk




I Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF har korridorbruken historisk hatt samanheng med mange utskrivingsklare pasientar. Den seinaste månadene har det gjennomsnittlige talet somatiske korridorpasientar per dag gått klart ned i Helse Stavanger, og svakt ned i Helse Bergen. I oktober 2012 hadde ingen av helseføretaka større utfordringar knytt til korridorpasientar innan psykisk helsevern.


##### Gjennomsnittleg tal korridorpasientar per dag innan psykisk helsevern



Den nasjonale målsettinga er at 100 % av epikrisane skal sendast ut innan 7 virkedagar, ei målsetting som Helse Vest ennå ikkje innfører. I oktober 2012 var delen epikrisar utsendt innan fristen 77 % innan psykisk helsevern og 75 % innan somatikken. Innan psykisk helsevern hadde Helse Fonna HF den høgaste delen sendt innan fristen, medan Helse Førde HF hadde den høgaste delen innan somatikken.



Figuren nedanfor syner den samla utviklinga i epikrisetider innan psykisk helsevern og somatikk dei siste 13 månadene.



## 5. Økonomi


## 5.1 Resultat

	Oktober			Hittil pr. Oktober		
	Faktisk	Budsjet	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjet	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	-712	1 910	-2 622	11 356	11 044	312
Helse Bergen HF	18 319	19 793	-1 475	215 840	200 709	15 131
Helse Fonna HF	775	500	275	-3 409	-1 000	-2 409
Helse Førde HF	-4 663	-3 306	-1 358	-30 069	-33 389	3 321
Helse Stavanger HF	-5 900	4 167	-10 066	16 741	41 657	-24 915
Kjøp av helsestenerster	43 584	6 608	36 976	391 320	148 893	242 427
Administrasjon morselskap	-1 199	-687	-512	7 937	1 398	6 539
Helse Vest IKT AS	-6 047	-1 453	-4 594	6 446	2 953	3 494
Til saman	44 157	27 532	16 625	616 163	372 263	243 899

Alle tall i hele tusen

Det økonomiske resultatet i oktober er kr 44,2 mill, som er kr 16,6 mill betre enn budsjettet. Akkumulert resultat er kr 616,2 mill som er kr 243,9 mill betre enn budsjettet.

### Helse Stavanger




Alle tall i hele tusen

Føretaket har eit negativt resultat i oktober på kr 5,9 mill som er kr 10,1 mill svakare enn budsjettet. Akkumulert resultat pr oktober er kr 16,7 mill som er kr 24,9 mill. därlegare enn budsjettet.

Inntektssida viser eit positivt budsjettavvik på kr 91,4 mill som hovudsakleg skuldast den høge aktiviteten i føretaket samt eksternt finansierte prosjekt med ei tilsvarende kostnadsside.

Kostnadssida viser eit negativt budsjett avvik på kr 124,8 mill der lønnskostnadane inkludert innleige utgjer kr 40,7 mill. Føretaket melder at kr 25,1 mill av lønnskostnadane er relatert til eksternt finansierte prosjekt og at føretaket justert for dette har eit negativt avvik på lønn på kr 15,6 mill. Varekostnadane viser eit negativt avvik på kr 53,1 mill og ein må sjå delar av dette i samanheng med høgare pasientrelaterte inntekter enn budsjettet. Føretaket rapporterer vidare at det i oktober har vore eksterne gjestepasientkostnadar mot Helse Sør Aust som er om lag kr 3,5 mill over budsjettet. I tillegg har føretaket avsett kr 2 mill i oktober som gjeld pasientar som er blitt behandla ved Helse Bergen. Andre driftskostnader har eit negativt budsjettavvik på kr 7,6 mill som hovudsakleg skuldast reparasjon og vedlikehald av medisinteknisk utstyr, kjøp av IKT tenester og vaskeritenester.

### Helse Fonna




Resultatet i oktober er kr 0,8 mill som er kr 0,3 mill betre enn budsjettet. Etter ti månader er resultatet minus kr 3,4 mill som er kr 2,4 mill svakare enn budsjettet.

Inntektene viser eit akkumulert positivt budsjettavvik på kr 1,5 mill.

Sum driftskostnader viser eit akkumulert negativt budsjettavvik på kr 12,7 mill der personalkostnadane inkl. innleige av personell utgjer kr 13,2 mill. Det relativt høge nivået i bruk av overtid og ekstrahjelp i staden for bruk av ordinære vikarar ser ut til å fortsette. Varekostnadane knytt til føretaket sin eigenaktivitet visar etter ti månader eit positivt avvik på kr 5,4 mill medan andre driftskostnadar har eit negativt avvik på kr 6,5 mill. Finansresultatet er kr 8,8 mill betre enn budsjettet.


#### Helse Bergen



I oktober er resultatet kr 18,3 mill som er kr 1,5 mill svakare enn budsjettet. Akkumulert viser rekneskapen eit resultat på kr 215,8 mill som gir eit positivt budsjettavvik på kr 15,1 mill. Driftsinntektene er kr 124,3 mill høgare enn budsjettet og skuldast hovudsakleg høg aktivitet i føretaket. Sum driftskostnadene er kr 123,6 mill høgare enn budsjettet. Lønnskostnadane og ekstern innleige utgjer kr 36,3 mill av avviket og må bli sett i samanheng med den høge aktiviteten og at nokre særskilde

prosjekt ikkje er budsjettert verken på inntekt eller kostnadssida. Avviket på varekostnad og medikament er knytt til biologiske legemiddel, implantat, laboratorierekvista og medisinske forbruksvarer. Også dette avviket kan sjåast i samanheng med den høge aktiviteten i føretaket og tilsvarande høgare inntekter. Netto finansresultat viser eit positivt avvik på kr 14,6 mill og er venta å auke ut året.

#### Helse Førde



Resultatet for oktober viser eit negativt resultat på kr 4,7 mill som er kr 1,4 dårlagare enn budsjettert. Akkumulert resultat er minus kr 30,1 mill som er kr 3,3 mill betre enn budsjettert.

Etter ti månader er inntektene kr 5,4 mill lågare enn budsjettert. Kostnadssida syner eit positivt avvik mot budsjett på kr 8,7 mill. Bemanningskostnadane er kr 6,7 mill høgare enn budsjettert og det er eit meirforbruk på kr 6,3 mill knytt til varekostnadene. Andre driftskostnader er om lag som budsjettert og finanskostnadane har eit positivt avvik på kr 13,3 mill.

#### Kjøp av helsetenester

Resultatet i oktober er kr 44,2 mill, som er kr 16,6 mill betre enn budsjettert. Akkumulert resultat er kr 391,3 mill som er kr 242,4 mill betre enn budsjettert. Det positive avviket skuldast mellom anna mindre kjøp av konsulenttenester, lågare kjøp av lab/röntgen tenester, lågare kostnader knytt til Norsk pasientskadeerstatning samt eit positivt avvik knytt til fleire enkelpostar knytt til kjøp av helsetenester og eit positivt avvik innan netto finanskostnader.

#### Administrasjonen

Akkumulert resultat per oktober er kr 7,9 mill som er kr 6,5 mill betre enn budsjettert. Avviket skuldast hovudsakeleg lågare forbruk innan lønn og konsulenttenester enn budsjettert.

#### Sjukehusapoteka Vest

Akkumulert resultat etter ti månader er kr 11,4 mill som er kr 0,3 mill betre enn budsjettert. Inntektene på varesal er kr 17,7 mill (3 %) over budsjett og tenestesalet er kr 2,5 mill (6,1 %) over budsjett. Personalkostnadane er kr 4,7 mill over budsjett og andre driftskostnader ligg kr 0,6 mill under budsjett.

#### Helse Vest IKT AS

Akkumulert resultat er kr 6,4 mill som er kr 3,5 mill betre enn budsjettert. Inntektene er kr 11,5 mill lågare enn budsjettert og kostnadane er kr 11 mill lågare enn budsjettert. I tillegg er netto finanskostnad kr 4 mill lågare enn budsjettert.

## 5.2 Prognose

	<b>Prognose</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Budsjett avvik</b>
Sjukehusapoteka Vest HF	11 100	13 900	-2 800
Helse Bergen HF	180 000	167 000	13 000
Helse Fonna HF	-4 200	0	-4 200
Helse Førde HF	-40 000	-40 000	0
Helse Stavanger HF	25 000	50 000	-25 000
Kjøp av helsetenester	440 000	40 000	400 000
Administrasjon morselskap	0	0	0
Helse Vest IKT as	1 000	1 000	0
<b>Til saman</b>	<b>612 900</b>	<b>231 900</b>	<b>381 000</b>

Alle tall i heile tusen

Helse Stavanger har på bakgrunn av resultatutviklinga generelt endra si prognose frå kr 40 mill til eit resultat på kr 25 mill som er kr 25 mill lågare enn budsjettet.

Helse Fonna vidarefører si resultatprognose på minus kr 4,2 mill i høve eit resultatkrav i balanse. Samstundes signaliserer føretaket at dei arbeidar med å verdivurdere ein del bygningar med det føremål å få seld desse. Som følgje av dette kan resultatet bli forverra utan at dette skal gå ut over investeringsevna.

Helse Bergen vidarefører si prognose på kr 180 mill som er kr 13 mill betre enn budsjettet.

Helse Førde og Helse Vest IKT vidarefører sine resultatprognosar som gir eit resultat i tråd med budsjett.

Sjukehusapoteka Vest justerer si prognose til å gi eit resultat som er kr 2,8 mill svakare enn budsjett.

Helse Vest RHF oppjusterer etter ei samla vurdering sin resultatprognose til kr 440 mill som er kr 400 mill betre enn budsjettet. I denne prognosen er det mellom anna gjort vurderingar knytt til forventa kostnadspådrag dei neste to månadane innan kjøp av helsetenester, konsulenttenester og enkeltpostar knytt til øyremerka midlar. Det er fortsatt knytt usikkerheit til enkeltområde i budsjettet generelt og til endeleg avrekning av innsatsstyrt finansiering spesielt.

## 5.3 Omstilling

Helse Stavanger har sett i verk tiltak på til saman kr 30,3 mill som etter seks månader (frå 01.05.12) har hatt ein effekt på kr 9,0 mill, som er om lag 56 % av planen. Ved årets slutt forventar føretaket ei realisert effekt av tiltaka på kr 24 mill som er om lag 79% av samla tiltakspakke.

Helse Fonna har etablert tiltak på til saman kr 19,5 mill. Tiltaka har pr oktober hatt ein effekt på kr 4 mill noko som er om lag kr 1 mill meir enn i sist rapportering. Føretaket ventar at desse tiltaka vil gi ein effekt på kr 6,4 mill innan året er omme, noko som er 33 % av planen.

Helse Førde har etablert ein tiltakspakke på til saman kr 30,6 mill. Denne har hatt ein effekt på kr 19 mill som er om lag 92 % av planlagd effekt etter ti månader. Ved årets slutt forventar føretaket å ha realisert ein effekt på kr 28,4 mill av tiltakspakka.

Det er ikkje etablert tiltaksrapportering frå dei andre føretaka.

## 5.4 Investering

Helse Vest sitt investeringsbudsjett for 2012 blei vedtatt i samband med behandlinga av sak om konsernbudsjett 2012 i februarmøtet og oppdatert i sak 077/12 B om langtidsbudsjett 2013 – 2017 i junimøtet. Samla investeringsbudsjett er fastsett til kr 1,702 mrd. I tabellen under er det vist status på investeringar pr. oktober samt estimat for året.

Samandrag investeringar 2012	Akkumulert		Estimat 2012	Budsjett 2012
	januar - oktober	Resten av året		
Bygg	600 561	258 783	832 344	977 885
MTU	192 850	152 950	345 800	355 144
IKT	155 865	68 559	224 424	220 000
Anna	41 921	45 861	87 782	149 140
SUM	991 197	526 153	1 490 350	1 702 169

Alle tall i hele tusen

Samla investeringar per oktober er på kr 991,2 mill. Dette utgjer omlag 67 % av forventa investeringsnivå i 2012.

#### Helse Stavanger:

Investeringar 2012	Akkumulert		Estimat 2012	Budsjett 2012	Estimat totalprosjekt
	januar - oktober	Resten av året			
<b>Helse Stavanger:</b>					
BUPA	109 488	20 134	129 622		255 000
Stavanger DPS	7 322	31 878	39 200		195 000
Øvrig bygg	28 089	54 733	82 822		
Sum bygg	144 899	106 745	251 644	259 900	
MTU	75 602	75 398	151 000	151 000	
IKT	3 408	-3 408	0	0	
Anna	17 278	-17 278	0		
<b>SUM Stavanger</b>	<b>241 187</b>	<b>161 457</b>	<b>402 644</b>	<b>410 900</b>	

Alle tall i hele tusen

Investeringar per oktober utgjer om lag 60 % av estimert investeringsnivå for 2012. Estimatet for året ligg noko under budsjett.

#### Helse Fonna:

Investeringar 2012	Akkumulert		Estimat 2012	Budsjett 2012
	januar - oktober	Resten av året		
<b>Helse Fonna:</b>				
Bygg	27 919	15 781	43 700	44 400
MTU	12 766	17 234	30 000	31 500
IKT	716	2 008	2 724	0
Anna	6 576	0	6 576	7 100
<b>SUM Fonna</b>	<b>47 977</b>	<b>35 023</b>	<b>83 000</b>	<b>83 000</b>

Alle tall i hele tusen

Investeringar per oktober utgjer om lag 58 % av estimert investeringsnivå i 2012. Estimatet for året ligg på same nivå som budsjettet.

#### Helse Bergen:

Investeringar 2012	Akkumulert		Estimat 2012	Budsjett 2012	Estimat totalprosjekt
	januar - oktober	Resten av året			
<b>Helse Bergen:</b>					
BUSP trinn I	68 433	9 567	78 000	165 000	1 392 966
Kronstad DPS	109 161	40 839	150 000	150 000	430 519
Ombygging sentralblokken	47 277	24 723	72 000	135 000	310 354
Øvrig bygg	189 030	17 970	207 000	166 585	
Sum bygg	413 901	93 099	507 000	616 585	
MTU	65 406	49 594	115 000	122 844	
IKT					
Anna	8 601	39 399	48 000	107 134	
<b>SUM Bergen</b>	<b>487 908</b>	<b>182 092</b>	<b>670 000</b>	<b>846 563</b>	

Alle tall i hele tusen

Investeringar per oktober utgjer om lag 73 % av estimert investeringsnivå i 2012. Estimatet for året ligg under budsjett og skuldast i hovudsak lågare framdrift på ombygging av sentralblokka og andre bygg.

#### Helse Førde:

Investeringar 2012	Akkumulert		Estimat 2012	Budsjett 2012	Estimat totalprosjekt
	januar - oktober	Resten av året			
<b>Helse Førde:</b>					
Luftambulanse/pre-hospitalt bygg		22 000	0	22 000	117 000
Naudstraumbygg/aggregat		5 000	0		
Øvrig bygg	13 842	16 158	30 000	35 000	
Sum bygg	13 842	43 158	30 000	57 000	
MTU	39 076	10 724	49 800	49 800	
IKT	435	1 265	1 700	0	
Anna	6 883	10 917	17 800	19 500	
<b>SUM Førde</b>	<b>60 235</b>	<b>66 065</b>	<b>99 300</b>	<b>126 300</b>	

Alle tall i hele tusen

Investeringar per oktober utgjer om lag 61 % av estimert investeringsnivå i 2012. Estimatet for 2012 ligg kr 27 mill under budsjett og skuldast seinare igangsetting av to byggeprosjekt enn planlagd.

#### Sjukehusapoteka:

Investeringar 2012	Akkumulert		Estimat 2012	Budsjett 2012
	januar - oktober	Resten av året		
<b>Sjukehusapoteka</b>	<b>2 583</b>	<b>12 823</b>	<b>15 406</b>	<b>15 406</b>

Alle tall i hele tusen

Investeringar per oktober utgjer om lag 17 % av estimert investeringsnivå i 2012. Estimatet for 2012 ligg på same nivå som budsjett.

#### Helse Vest IKT:

Investeringar 2012	Akkumulert		Estimat 2012	Budsjett 2012
	januar - Oktober	Resten av året		
<b>Helse Vest IKT</b>	<b>151 307</b>	<b>68 693</b>	<b>220 000</b>	<b>220 000</b>

Alle tall i hele tusen

Investeringar per oktober utgjer om lag 69 % av estimert investeringsnivå i 2012. Estimatet for 2012 ligg på same nivå som budsjett. I tillegg ligg det mindre IKT investeringar i nokre av dei andre føretaka.

## 5.5 Likviditet

Helse Vest har ved utgangen av oktober 2012 ein netto likviditet på minus kr 4 mill. Grafen under viser forventa utvikling i netto likviditet (innskot minus driftskredit) for året.




Alle tall i heile millionar

Driftskreditramma vil ved årets slutt vere kr 1,928 mrd. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskreditramme vurdert å vere tilfredsstillende. Helse Vest har tett oppfølging av likviditetssituasjonen og vil om nødvendig treffen tiltak for å sikre likviditetstilgangen i konsernet.

## 6. Medarbeidarar


### Føretaksgruppa Helse Vest – Sjukefråvær



Måltallet er eit samla sjukefråvær på 5,5 % eller lågare, og eit sjukemeldt fråvær på 4,5 % eller lågare. Per oktober 2012 var det samla sjukefråværet på 6,6 % og sjukemeldt fråvær på 5,5 %.


Den langsiktige trenden med lågare sjukefråvær, held fram. Det er 753 fleire sjukefråværsdagsverk i oktober enn i september, men heile tre fleire arbeidsdagar i oktober enn månaden føre. Dette gjer at sjukefråværet for oktober er vesentleg lågare enn for september.

62,95 % av einingane i føretaksgruppa har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for oktober 2012. 64,69 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for oktober 2012.




### Føretaksgruppa Helse Vest – Månadsverk

Graf og tabell under viser berre helseføretaka.



Det har vore ein auke med 118 brutto månadsverk frå september til oktober 2012 og ein auke med 240 netto månadsverk i same perioden. Helse Bergen, Helse Stavanger og Helse Fonna har hatt ein nedgang i netto månadsverk og ein auke i brutto månadsverk. Helse Førde har hatt ein nedgang både i brutto og netto månadsverk.

Samanlikna med same periode i 2011 har det vore ein auke med 349 brutto månadsverk og 296 netto månadsverk.




Samanlikna med førre månad har det vore ein auke på mellom 10 - 12 % i bruk av overtid og meirarbeid både når det gjelder kroner og timer.

### Føretaksgruppa Helse Vest – Deltid

Det er per oktober 2 413 fast tilsette medarbeidarar som har registrert profilen sin i deltidkartlegginga. Per oktober er det 588 fast tilsette som ønskjer høgare stillingsbrøk innan ein månad, 185 innan det neste halve året og 51 på lengre sikt. 1 589 har svart at det ikkje er aktuelt med høgare stillingsbrøk. Dette utgjer om lag 66 % av alle dei som har registrert sin profil i deltidkartlegginga.


### Helse Stavanger

#### Sjukefråvær




61,66 % av einingane i Helse Stavanger HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for oktober 2012. 64,08 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for oktober 2012.

## Månadsverk




## Helse Fonna

### Sjukefråvær




56,85 % av einingane i Helse Fonna HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for oktober 2012. 59,75 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for oktober 2012.

## Månadsverk




## Helse Bergen

### Sjukefråvær




61,21 % av einingane i Helse Bergen HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for oktober 2012. 62,81 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % per oktober 2012.

## Månadsverk




## Helse Førde

### Sjukefråvær




74,25 % av einingane i Helse Førde HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for oktober 2012. 72,39 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for oktober 2012.

## Månadsverk



## Sjukehusapoteka Vest


### Sjukefråvær



50,00 % av einingane i Sjukehusapoteka Vest HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for oktober 2012. 53,33 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for oktober 2012.


## Månadsverk

## Brutto og netto månadsverk - Sjukehusapoteka Vest



## Helse Vest IKT

### Sjukefråvær



65,52 % av einingane i Helse Vest IKT AS har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for oktober 2012. 79,31 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for oktober 2012.

## Månadsverk

